



# Dalen i Sentrum

Organ for eit balansert dalføre nr. 04-2010

Det er juni, og sommaren er på veg! På sin runde rundt i dalen, har Dis fylgjande å melde: **Torsdagsmiddagen på grendahuset.** Sist torsdag vart hjarteburgen servert, og den vart godt motteken!. Det var godt oppmøte av folk som kjøpte seg middag utover dagen, ca 60 personar var innom kafeen. Komande torsdag blir det BALL!! Det kan vere vanskeleg å berekne mengde, men vi prøver! Opningstid for kafeen: Kl. 13. – 17, både denne og neste torsdag, som er siste gongen før ferien. Prisar: Middag kr. 80,-, kaffi og kake kr. 20,-.

## **Butikken.**

Omsetninga ligg etter veke 22 under budsjettet. Butikkstyret håper på betring i handelen utover sommaren. Ein vil prøve å gjere ein innsats for å få uteområdet trivelegare i håp om at det på den måten kan vere kjekkare å stanse ved butikken. M.a. nye utemøblar og blomsterkasser skal på plass. Butikken, skulen og barnehagen er viktige hjørnesteinar i grenda vår!

**Velledalen skule** vart vedteke nedlagd av kommunestyret i Sykkylven på møte måndag 31.mai. ikkje uventa, men det er veldig trist at den offentlege skulen i Velledalen om kanskje eit års tid er historie. . Skulestaden for velledelselevane er bestemt til Tandstad skule. Eldar Høidal og Odd Jostein Drotninghaug har stått på og kjempa for skulane i Hundeidvik og Velledalen, det er vi svært taknemlege for. Men det spørst om dei politikarane frå Straumgjerde som gjekk inn for å legge oss ned, er heilt klar over kva dei har gjort.

"Den einaste måten Tandstad skule kunne reddast på, var å behalde den skulestrukturen vi hadde", skriv Petter Velle på velledalen.net. Han skriv vidare: "Vi i Velledalen skal ikkje gråte over dette vedtaket. Vi skal sjå framover. Det er det som held grenda vår oppe!! Det er kun ved å tenkje positivt at vi kan greie å halde oppe det gode samholdet, den gode ånda og ståpåviljen som rår her. Vi har så uendeleg mykje som ingen politikar kan ta frå oss. Ver stolte av det, og ver stolt av å vere Velledaling. Vi veit at bulysta vil blomstre i dalen vår også i framtida. Vi skal halde fast ved vår strategi, og vi veit at vi får det til. Velledalen er full av gode krefter som det kan ausast av! Hugs: **Der folk trivst, er alt muleg!**"

## **Skulehage/barnehagehage**

Denne veka er skuleborna og barnehageborna i ferd med å få i jorda poteter, kål, grønsaker og frø i åkeren som er laga til på marka nedanfor barnehagen. Så no er det berre å håpe på godt grover i sommar!! Takk til Petter Velle og Kjell Perry Drotninghaug for hjelp med å gjere klar åkeren!

## **Generalforsamling i Velledalen Naturbarnehage SA**

blir måndag 28.juni. Det skal veljast nytt styre, to medlemmer frå laga, to frå foreldra og ein frå SU.

## **Velledalen Symjhall**

På ekstraordinære generalforsamlinga i VG 18.mai vart Lars Inge Sæther vald som leiar for symjhallen.

## **Brøvollsfestivalen:**

**Set av datoane!** 2. og 3. juli brakar det laus igjen. Fineveret er bestilt, dansegolvet er nyasfaltet, og hesjestaurene står klare til å bli slått i jorda. Det er tid for årets Brøvøllsfestival! På fredagen kan vi røpe at blant anna Bertram Velle Dal kjem innom ein snarvisitt, og laurdagen entrar sjølvaste Bye&Rønning scena.

Kubabkongane frå Tindemat stiller sjølv sagt opp i år igjen, og har du enno ikkje fått smakt på den så mykje omtalte kubaben, så byr nok sjansen seg under årets festival. Festivalgeneralen har allereie stryke hawaiiiskjorta, og gler seg til å by opp akkurat deg til dans under årets festival! Så det er berre å tørke pollenstøvet av danseskorne og gjere seg klar til ein festival utanom dei vanlege.

For meir informasjon og oppdateringar om festivalen kan du gå på heimesidene våre :

[www.brovollsfestivalen.com](http://www.brovollsfestivalen.com).

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.  
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.  
This page will not be added after purchasing Win2PDF.